



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 3 • SEPTEMBER 2025
86. ÅRGANG



Ny prest
Side 4

Nyrestaurert
kyrkje
Side 5

Når nokon
døyr
Side 8

Språkeventyr i
Nairobi
Side 10

FRAMSIDA



Strandadalen

Foto: Inger Karin Tordal

Ynskjer du gravstell?



Ring kyrkjekontoret for prisar og info: tlf.

47 48 31 20.

Eller sjå heimesida kyrkja.no/kvam



KYRKJEBLAD
FOR KVAM

Utgjevar:

Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm sokneråd

Ansvarleg redaktør:

Olav Skeie Lid, epost: OL485@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Inger Karin Tordal

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Miljømerket trykksak



Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver
Vipps #584927

Annonser:

Kontakt redaksjonen

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til ol485@kyrkja.no

LEIAR

Er det mitt ansvar, liksom?

Spørsmålet dirrar i lufta. Ein forurett person rettar ein anklagande peikefinger på meg og spør: Er ikkje dette samfunnet sitt ansvar? Har eg ikkje mine rettar, kanskje?

«Gjer di plikt og krev din rett» Det gamle slagordet frå Einar Gerhardsen sine dagar er alltid like aktuelt. Vårt samfunn byggjer på begge desse premissa – og det er grøfter på begge sider av vegen. Det er godt mogeleg å dra pliktkjensla for langt, og oversjå rettane til folk. Kanskje handsaminga av krigsseglarane etter andre verds-krigen kan stå som eit grelt eksempel på det. På den andre sida: vårt steinrike samfunn skapar fort ei kjensle av at me kan krevja i det uendelege. Er det ikkje våre oljepengar, kanskje? Har me ikkje rett til å få ein større del av dei enorme rikdomane som veltar inn over oss?

Gjer di plikt, krev din rett. I mitt daglege liv treffer eg mange menneske som gjer det vesle ekstra. Som ryddar litt ekstra, sjølv om det var ein annan sitt ansvar. Som går nokre mil ekstra, utan å krevja noko for det. Som gjev – ikkje berre av sitt overskot – men som investerer i andre menneske sine liv, utan å ha ein tanke om å få noko att. Dette er møte som berikar livet. Og det er sanneleg ikkje berre i kyrkja ein finn dette. Altruistisk tankegang og veremåte er ein av dei aller viktigaste byggjesteinane i vårt samfunn.

Og det skapar ringverknader på arbeidsplassar. Fylgjande samtale mellom to organistar utspann seg i gangen

Olav Skeie Lid

Redaktør



utanfor mitt kontor her om dagen: – Eg kan godt spela i gravferd neste torsdag, sidan du har hatt så mange no. – Men kjære deg, du stiller alltid opp – no er det min tur til å ta noko for deg! Skapar det gode ringar i vatnet? Definitivt.

Eg ser menneske som plukkar bos på kyrkjegarden, som klipper litt ekstra rundt ei grav som dei slett ikkje treng gjera – men dei gjer det likevel. Eg ser menneske som køyrer på gamle og sjuke, legg til rette for at uføre kan få ta del i fellesskap. Eg får telefonar frå totalt ukjende menneske som spør om me treng pengar til noko særskilt, for dei har lyst til å gje. Eg ser og høyrer menneske som byd fram sine krefter til fellesskapet, utan baktanke.

Jan Magnus Bruheim seier det så godt:

UM Å BERA

Skapte er vi te bera og lette børenene for kvarandre.

Til fånytt lever ingen. Men våre egne bører skal vi bera åleine.

Stor og verdfull er sorgi som ikkje kan delast av andre.

Men fatigsleg, liti og arm er den glede som du vil ha åleine.

Hjelpelaus er den som ikkje har nokon å hjelpe, og vera god mot.

Lik tre utan sevestraum turkast han inn –

Den mannen ber tyngste bori som ingen ting har å bera.



DEN NORSKE KYRKJA
Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje, Kyrkjevegen 40, 5600 Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

På nettsida vår finn du alltid oppdatert informasjon: www.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellesråd:

976 995 082

Kyrkjeverja i Kvam:

Olav Skeie Lid, tlf 41400035,

epost: ol485@kyrkja.no

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide,
epost: vk267@kyrkja.no
tlf. 400 35 356

Prestevikar i Øystese og Ålvik:

Norunn Rød Markhus
epost: nm727@kyrkja.no
tlf: 916 37 713

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Leiar: Kjell Dysvik
kjell.dysvik21@gmail.com

Rådsleiarar Strandebarm sokn:

Margunn Mikkelsen Tordal
[mmtordal@gmail.com](mailto:mmmtordal@gmail.com)

Vikøy sokn:

Astrid Helleve Fylkesnes
a.h.fylkesnes@gmail.com

Øystese sokn:

Kjell Dysvik,
kjell.dysvik21@gmail.com

Ålvik sokn:

Ida Lindø
idalind@online.no

Under Guds vern

Eg har eit lite hefte i bokhylla som eg i mange år jamt og trutt har plukka fram og lest i. Heftet heiter "Under Guds vern" og inneheld 35 refleksjonar over Bibelens salmar. Eg fekk heftet på Frelsesarmeen i Sogndal på 2000-talet då eg var student på lærarskulen der. Heftet er tynt og lite, men av ein eller annan grunn har det ikkje forsvunne trass ytre faktorar som flyttingar, oppussing eller ommøblering. Ofte har eg lest desse refleksjonane ved overgangar i livet, til dømes ved semesteroppstart, når far min døde, når eldstejenta gifta seg denne sommaren. Salmane sine formuleringar har ein forunderleg evne til å gje hjelp og gjenkjenning i mange ulike situasjonar. Ei av desse salmane er salme 103:

Dagane mennesket får, er som gras, det blømer som blomen på marka. Når vinden fer over han, er han borte,

staden han stod på, veit ikkje lenger av han. Men Herrens miskunn er frå æve til æve over dei som fryktar han. Hans rettferd når til barneborn, til dei som held hans pakt og kjem i hug hans bod, så dei følgjer dei. Herren har reist si trone i himmelen, han rår som konge over alt (vers 15-19).

Denne hausten er eg ved nok eit vegkryss, nok ein overgang i livet;



med bankande hjarte har eg takka ja til tenesta som prestevikar i Øystese

Norunn Rød Markhus

Prestevikar



og Ålvik. Mange har ynskt meg velkommen med smil, helsingar og varme handtrykk. Men eg kjenner også at folk har forventningar til meg, og det gjer meg både noko stressa og det gjev meg sommarfuglar i magen. Då er det ekstra godt å lene seg på Guds løfter! At eg får vere under Guds vern, at Hans miskunn varer frå ætt til ætt, at Gud rår som konge over alt, gjev meg ein base av tryggleik i møte med nye oppgåver, for desse orda fortel meg at Gud er kjent med alle ting! Og Guds miskunn ser eg best i Jesu ansikt, dette ansiktet som strålar av godleik, som utfordrar og set fri! Han siste ord her på jord før han tok plass ved Guds høgre hand var... å sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står (Matt. 28, 20). Korleis møter du denne hausten? Denne hausten vil eg leva i løftet om at eg er under Guds vern!

Barne- og ungdomstilbodet vårt

Trusopplæring: "Ny vin-gammal skinnsekk!" Her krevst det at lesaren er meir årvaken og bibelkunnig enn gjennomsnittet. Kva har skinnsekk og trusopplæring til felles?

Trusopplæring i kyrkja i Kvam er både dynamisk og statisk på ein og same gong: me arbeider etter ein vedteken trusopplæringsplan, vel vitande om at me heile tida må justera kartet etter terrenget. Nett no er sjølv planen oppe til revisjon, - er det tid for å tenkja nytt? Fram til no har den berande tanken vore slik: alle årskull skal få møta kyrkja og den kristne trua ein gong i året, gjennom breiddetiltak.

Alle døypte barn vert ynskte velkomne til Babysong, Krølletreff, LEGO-klubb, Tårnagent, Lys Vaken o.a. No har kyrkjerådet i Oslo tenkt

nye tankar, og i skrivande stund er fellesråda utfordra til å revidera trusopplæringsplanen. Me er ikkje lenger så bundne til dei opphaveleg, litt strenge retningslinene, men kvart sokn og fellesråd kan i større grad meisla ut sin eigen kurs:

Kva fungerer her hjå oss? Kva vil me satsa på i vårt sokn?



I botnen ligg framleis dei same trusopplæringsmidlane som vert oss

til del kvart år: kr 599.000,- rislar det ned over oss frå kyrkjerådet i Oslo. Dette er me svært takksame for! Og ikkje minst gledeleg er det at tradisjonelt kor-arbeid no kan reknast med. Øystese barnekor er difor no inne i folden - og det skulle vel eigentleg berre mangla. Noko betre opplæringsarena enn barnekor er vanskeleg å sjå for seg. Men med så gjort vert det sjølv sagt mindre til andre tiltak som me gjerne ville ha gjort.

Her har fellesrådet, sokna og staben eit solid stykke arbeid framfor seg. Stillingsstorleikar skal vegast opp mot endring i arbeidsmåtar, endring i sokna si eiga satsing, endring i folketal i soknet - alt skal opp til drøfting.

Det vert ein spanande haust! Og for deg som lurte på skinnsekkken; ring kyrkjevevjerje Olav eller finn fram bibelen, Matteus 9, 17.

Friskusen frå Fusa

Med hestehalen energisk dansande bak i nakken, og med sitt varme smil vel forankra i eit uforskamma morgonfriskt andlet: God morgon! Ljomar det i gangen i kyrkja. Norunn er blant oss med heile seg.

3 års ventetid er over for bygdefolket i Øystese og Ålvik. 7 utlysingar måtte det til før det endeleg lukkast å finna ein ny prest. Men den som ventar på noko godt, ventar aldri fäfenget.

- Eg vaks opp på garden Røo i Hålandsdalen, der eg framleis bur; fortel Norunn Rød Markhus. Ho er godt i gang med både gudsteneste-planlegging, konfirmantarbeid, gravferder og dåpssamtalar; men finn tid til ein liten prat med kyrkjebladet sin utsende mellom slaga. – Ein trygg og god barndom, der barnetrua fekk veksa, og der ho fann sin naturlege plass i både kyrkje og bedehus etter kvart. - Eg har aldri vore så glad i å setja folk i bås, fortel Norunn – bedehus eller kyrkje, me er alle først og fremst menneske som treng eit trusfellesskap. – Og akkurat det brenn eg for; seier ho.

- Og i kyrkja har du arbeidd i mange år? undrar bladfyken.
- Ja, det vart slik, smiler Norunn. – Først vart det lærarskule, - men etter berre eit års tid i arbeid kom spørsmålet: om eg kunne tenkja meg å arbeida som kyrkjelydspedagog i Fusa? Eg takka ja – og har vel eigentleg aldri sett meg attende. Bortsett frå eit år som lærar på den internasjonale skulen i Nairobi for nokre år sidan, har eg hatt kyrkja som arbeidsplass dei siste 23 åra.

- Nairobi? Bladfyken ser mildt uvitande ut.

- Jepp. Hestehalen dansar sin evige polka, der ho iherdig nikkar: – Eg var komen til eit punkt der eg hadde trong for ein liten break, å lyfta blikket, og å henta nye impulsar. Saman med mann og 5 barn gjekk ferda til den internasjonale skulen i Nairobi, der eg fekk friska opp att både pedagogikken og språket. Det var uhyre gjevande tid. Norunn vert brått ivrig: - Eg fekk brått augo opp for dette omgrepet «den verdsvide kyrkje». Me seier det i kvar gudsteneste, - men her fekk orda meaning. Me lever i vår isolerte boble her nord, - men Guds familie er så uendeleg variert og mangfaldig! Når kollekt ikkje består av pengar; men kanskje av ei levande høne, som attpåil vert slakta og eten til kyrkjekaffien – då skjønar ein at livet i Noreg ikkje er særleg representativt for den verdsvide kyrkje.



Norunn med heile familien og ein ven av sonen, med navn Jojo.

- Og så vakna trongen til å læra meir teologi?

- Mmm. Norunn nikkar. – Pandemien sette ein stoppar for opphaldet i Kenya, og vel heimkomen derfrå tok livsferda ein ny kurs: eg byrja som prestevikar i Ullensvang, parallelt med at eg altså studerte til prest. Det var tre særdeles lærerike år; smiler ho. Det er langt frå Hålandsdalen til Skare kyrkje, så det vart mange og lange mil i bil. Men nydelege folk, og mange gjevande oppgåver i ein dramatisk natur der inne under Hardangervidda.

- Og no altså Kvam. Korleis har starten vore på prestelivet i Kvam



så langt?

- Eg har vorte utruleg godt motteken overalt, og møtt berre varme og gode ord. Eg er ikkje annleis skapt: slikt varmar! Stab og medarbeidarar; både dei tilsette og frivillige, har møtt meg på ein måte som gjer at eg gler meg til framhaldet.

- Og kven er Norunn Rød Markhus, viss du skal bruka eigne ord om deg sjølv?

- Eit menneske som er impulsivt, som av og til snakkar før hjernen er kopla på, veldig relasjonell, glad i menneske, glad i samtalar; som har ein visjon om at kyrkja må vera eit hus det er godt å koma inn i. Ein ekte Hålandsdals-patriot, som er glad i naturen og fjellturar; glad i å baka, glad når nokon kjem på besøk – og som også kan slengja føtene på bordet og pusta ut med TV-sjåing etter dagens dont.

- Er det noko som har overraska deg i Kvam?

- Tja, noko kjende eg frå før; - Norunn dreg litt på det, - men ja, eg er oppriktig positivt overraska over dei vitale og gudsteneste-feirande kyrkjelydar eg har møtt på der eg har vore. Dette er ikkje sjølv sagt i vårt lange land, og dette må me klara å ta vare på. Gudstenesta er; og skal vera pulsslaget i vårt trusliv som kyrkje. – Men, – Norunn vert ivrig igjen: - me må våga tenkja nye tankar: Kanskje er det like verdfullt med ei kvardagsmesse på ein onsdagskveld som på sundag føremiddag?

- Har du nokon ynskje – eller kanskje me skal våga kalla det visjon – for ditt virke som prest i Kvam?

- Ja! Hestehalen er heilt ustyrlig no. – At menneske må våga ta kontakt! Eg er berre eit medmenneske, og me menneske er no eingong ikkje så forskjellige når alt kjem til alt. Eg håpar at mi kontordør kan vera open, og at eg har mange, mange gode samtalar i vente.

- Apropos prest: me har ikkje lov å kalla deg prest, seier strenge føresegner frå bispedømet?

- Norunn ler ein trillande latter: - Nei, dette er ikkje så lett å skjøna. Men altså: når ein er under utdanning slik som eg – og som eg vil vera i fleire år framover – så har ein ikkje lov å kalla seg prest, - tittelen er prestevikar. Og for å gjera forvirringa total: når ein skikkeleg prest vikarierer for ein annan prest, heiter det vikarprest. Ikkje så lett å halda frå einannan – men slik er det.

- Får me likevel lov å kalla deg presten vår?

- Norunn nøler ein augneblink – før smilet er der; og hestehalen dansar: - Ja, gjer det. Men ikkje sei det til biskopen.

Strandebarm kyrkje - ei restaurering med framtidsperspektiv

Den nye koparhjelmten på Strandebarm kyrkje skin i kveldssola, og let ingen vera i tvil: no er kyrkja rusta til nye 150 år i krevjande vestlandsklima. Arbeidet er fullført – og med framfrå resultat.

Siste stillasknekten er teke ned, siste hellespikar er slått i. Hardanger og Voss museum sine folk, saman med blikkenslagar Flotve, kan halla hovudet attover og sanna: dette får me truleg aldri oppleve igjen. «Men sanneleg var det godt at vøla kom på plass!» Prosjektleiar Alexander Gunther hjå entreprenøren er ikkje i tvil: dette er vel investerte midlar frå storsamfunnet.

Kyrkjene representerer ein unik kulturverdi, ikkje berre som formidlar av ei samfunnssoge om folkeliv, tru og tradisjon, men like mykje som formidlar av gammal byggeteknikk. «Det er utruleg flott handverk me finn utført», fortel han. «og så vert ein slått av ikkje berre kunnskapen og handlaget til tømrarane i 1876 – men også av den teknikken dei må ha brukt? Mange av bjelkane og stavane er mange hundre kilo, og har vorte buksert opp til 30 meters høgd over bakken, utan noko anna enn talje og handamakt, vaglande på ustøe stillas. Utruleg!

Og legg merke til den knekte hella på nedre kant av tårnet, den har me valt å lata vera slik, sidan arbeidet som



var gjort for å reparera det, var av slik utsøkt kvalitet at ei ny hadde vore bortkasta.»



Taket er lagt om, tårnhjelmten skifta, alle beslag er skifta, takrenner likeeins, loftet er isolert på nytt, tårn-vindaugo er restaurerte, - og tårnet er måla.

Strandebarm kyrkje kan i sanning sjå fram til 150-årsjubileet utan skam. Fellesrådet og Kvam herad kan ynskja kvarandre lukke til med vel gjennomført restaurering, og senda ein blom til Kjersti Toppe på Stortinget, som i tid som statsråd såg at Noreg trong eit kyrkjebevaringsfond. Dette skal liggja og risla ut mange milliardar i åra som kjem for å ivareta kyrkjene våre for komande tider.

Vedlikehald, vedlikehald, vedlikehald

Det kan ikkje seiast for ofte: vedlikehald er basisen for all god drift. Dette veit alle huseigarar – og fellesrådet i Kvam er ikkje noko unntak. 13 store og små bygg skal ha omsut til ei kvar tid, alt frå store kyrkjer til små toalettbygg.

Kyrkjegardsarbeidar Dima frå Ukraina set si ære i å gjera skikkeleg arbeid. Han er innleigd denne sommaren primært til å halda kyrkjegardane i god stand kva angår lengda på graset. Og godorda frå dei mange som frekventerer våre kyrkjegardar har vorer mange! Heldigvis har han og funne tid til målararbeid. Fram til no er det Norheimsund kyrkje som har fått eit sårt tiltreng målingsstrøk på alle karmar, lister og ufser på bygget. No står Tørvikbygd klokketårn og Mundheim klokketårn for tur, før Dima takkar for seg ut i september. Takk for innsatsen, Dima!



GAMALT FRÅ KYRKJELIV I KVAM

Kong Øystein og sælehusa

Brørne Sigurd og Øystein var begge kongar samstundes i Noreg på 1100-talet. Medan Sigurd gjorde seg til ute i verda, var Øystein heime og betra tilhøva for folket.

Skulle ein reisa landevegen mellom landsdelane, måtte ein oftast over lange fjellstrekningar. Den reisande måtte overnatta både ei og to netter før dei kom seg over. Det var farleg å leggja seg til ute, og Øystein fekk bygd nye sælehus slik at folk kunne fara tryggare mellom landsdelane. Ikkje nok med det: han fekk og ordna med mat i sælehusa.

Ordninga med sælehus vart litt etter litt utvida, slik at det ikkje berre var ferdafolk som kunne ta inn i sælehus, men også sjuke og gamle. Det var sælehus som var bygde på sentrale stadar. Dei kjøpte, eller fekk plass for livstid. Det var gjerne i klostera sjuke og gamle fekk plass. Eller så kunne sælehusa vera knytt til ei kyrkje.

Sælehusa for dei reisande, låg gjerne ved ferdselsvegane. Der kunne dei ta inn og få ein plass å ligga for natta, og i tillegg få mat og drikke.

Ein av grunnane til at folk tok ut på reise, var at dei skulle vitja kyrkjer som hadde heilage krusifiks eller anna som hadde ord på seg for å ha lækjande kraft. Røldal kyrkje var ei slik. Det same var Fana kyrkje. Fana kyrkje er



eldst av dei. Ho er bygd på midten av 1100-talet. Røldal-kyrkja er eit lite hundreår yngre. Begge kyrkjene har segner knytt til kross og krusifiks som gjennom tidene skal ha lækt mange pilegrimar.

Segna fortel at to fiskarar var ute på Korsfjorden i Fana og fiska. Då fekk den eine noko på kroken. Då han hadde fått fangsten opp, strauk han seg over augo med handa. Og han, som hadde vore blind, fekk synet att.

Ei anna segn knytt til krusifikset i Røldalskyrkja, fortel at Kristus sveitta kvar jonsoknatt. Sveitten var lækjande. Folk valfarta både til Røldal og Fana for å bli friske frå plagene dei hadde,

Ove-Kjell Sakseide

Pensjonert lærar



og begge stader låg det att krykkjer og anna etter slike.

Det norske folket var på veg til å bli eit reisande folk, og då kom det vegar fram til fjordar som folk trong kryssa. Og sælehus vart sette opp.

Ein av vegane frå Bergen fram til Røldal gjekk framom Fana-kyrkja. Den veggen gjekk via Os, Fusa, Hålandsdalen, Strandebarm, Eidesvågen og over til Jondal. Krossdalen kan ha fått namn etter krossferder. Men ei rute gjekk også over Haga i Samnanger, Kvamskogen. Her delte veggen seg i ei grein ned i Steinsdalen og ei grein via Krossleite på Byrkjesete over til Sæleset. Eller ein kunne gå frå Kvamskogen til Strandebarm eller Tørvikbygd.

Kom ein lenger nord- og austanfrå, kunne veggen gå opp Bergsdalen og over til Botnen. Her var det også sælehus. Garden Kanikeberg høyrde til under bispesetet i Bergen, og jordleiga skulle vere med å betala dei kyrkjeleg tilsette.

Spora etter kong Øystein viser att i Kvam, og i heile landet elles enno. Han var den som tenkte på folks beste, medan Sigurd var av dei som ville visa mest att ute i verda.

Ein finn Sæle-namn m.a. i Sæleset, Salhus, Solesnes, Krossbakken på Skeie, og Krossleitet på Kvamskogen.

«Når verden vakler, trenger vi hverandre»

Torsdag 16. oktober kjem Frode Thuen til Norheimsund kyrkje. Dette er eit arrangement som er ein del av Kvammaveko. Frode Thuen er gjerne kjent for dei fleste: han er mykje nytta som føredragshaldar, og har mange lesarar av sine spalter både i BT og Aftenposten.

Han skriv sjølv om denne kvelden: «Mange kjenner på bekymring og uro for tiden. Verden endrer seg raskt, fremtiden kjennes uklar, og det som før føltes trygt, er ikke like selvfølgelig lenger. Og midt i alt det som skjer rundt oss, skal vi fortsette å

leve livene våre – både på jobben og hjemme.

For å lykkes med det, trenger vi å styrke vår psykiske beredskap. Ikke ved å bli hardere eller stenge verden ute, men ved å utvikle indre fleksibilitet. Vi må øve oss på å stå i det vi ikke har kontroll over – uten å miste retning, og uten å miste hverandre av syne.

Og kanskje viktigst av alt: Vi trenger hverandre».

Det er kulturkomiteen i Vikøy sokn som står bak arrangementet.

Vel møtt!




"Fest på kjerka"

Den årlege festen, som er eit samarbeid mellom Sjømannskyrkja og Øystese sokneråd, finn i år stad ondag den 26. november.

I fleire år har me hatt «Fest på Kjerka» siste onsdag i november – eit nært samarbeid mellom Øystese sokneråd og Sjømannskyrkja. Dette året vert ikkje noko unntak! Det er i år 80 år sidan freden kom til Norge. Difor har me valgt å ha fokus på våre krigssegalarar og den sers viktige tenesta dei gjorde til sjøs – særleg i Atlanterhavsfart mellom USA og England.

Sjømannsprest Harald Grønnevik, som i fleire år gjorde teneste i hamnebyen Liverpool; ein hamneby i England med ei stor samling av krigssegalarar, blir saman med oss. «Kor i alle dagar» kjem også; likeins Kvam trekkspelklubb. Det vert sjølv sagt kaffi, vafler, Ord for kvelden og utlodning. Onsdag 26. november skjer det. Set av denne kvelden! Kom – gjerne med andre i ditt følgje!

Arne O. Øystese



SKRUK-KONSERT I VERDSKLASSE



«Det er noko heilt eige med SKRUK». Randi Vestrheim Norheim er ikkje i tvil: konsertar med SKRUK når inn til dei inste hjartestrenger på ein heilt unik måte. Ho var ein av mange som fann kvile i korsongen i Norheimsund på konsert med SKRUK.

Julisola varma meir enn godt var, fjorden lokka med laug og kjøling – men likevel fann 150 menneske vegen til Norheimsund kyrkje på ein aldeles alminneleg måndag midt i fellesferien. Ikkje var det lysing i lokalavisa, heller – dette kunne då umogleg samla folk? Men SKRUK er ikkje SKRUK utan grunn: folk kom, og folk fekk ei vakker oppleving. SKRUK – Sunnmøre Kristelege Ungdomskor – er ikkje nett ungdomar lenger, men songkvaliteten er framleis like ungdomleg og heil spesiell. Balansen mellom stemmene er ikkje heilt vanleg: mannsstemmene er fleire enn i eit vanleg blandakor. Den spesielle SKRUK-klangen skriv seg frå nettopp dette.

Og ikkje å forgløyma: SKRUK er Prots. Den aldrande Per Oddvar Hildre er mannen som har skapt SKRUK, og som er still going strong. I over 50 år har han leia koret, og framleis er Prots-magien til å ta og føla på under konserten. Takk for stunda!

LED milde ljøs, igjennom skoddeim!

Norheimsund kyrkje ligg så vakkert til på høgda over Sandven. Flaumljoset om kvelden er blitt eit slags fyrtårn midt i Norheimsund sentrum – til glede for mange.

Men det er ei dyr glede, lampene som er monterte er gamle og utan LED-pærer. Dette betyr stort straumforbruk kvart år. Slik kan me ikkje ha det – men så er det ein hake ved det: å skifta til LED betyr nye innsatsar i kvar lampe, då er kostnaden brått blitt betydeleg – det som er eit klart spare-insentiv, vert først ein stor kostnad.

Det har Vikøy sokneråd tenkt å gjera noko med! På oppmoding frå kyrkjeeverje om å prøva skaffa midlar til denne oppjusteringa av lampar, har dei tankar om både eitt og hitt. I skrivande stund er det noko uklart – men følg med! Her er det gode ting på gang!



Når nokon døyr



Døden kjem ingen av oss utanom. Den er det einaste sikre med heile livet, eigentleg. For dei fleste av oss er det ikkje mange gonger i livet me står i ein situasjon med eit dødsfall i nær familie – og i sorga er det lett å gløyma mange ting. Her tek me for oss litt om det praktiske:

Kven har ansvar for gravferda?


Det er dei næraste pårørande som har ansvaret for gravferda. Eit gravferdsbyrå kan ta seg av mykje av det praktiske rundt ei gravferd. Ein kan òg velje å gjere det meste sjølv. Den (dei) pårørande blir rådde til å ta seg litt tid til å kjenne på og snakke om kva for delar av førebuingane ein ynskjer å gjera sjølv. Ta kontakt med oss om det er noko du vil spørja om!

Tidspunkt for gravferd

Det kan gå 10 virkedagar, det vil seie 10 arbeidsdagar, frå nokon døyr til det må vera gravferd. Dersom det skulle vera vanskeleg å få gravferda innan 10 dagar, kan ein søkje skriftleg til kyrkjevevja i Kvam. I fylgje Gravferdslova §13, må det leggjast fram tungtvegande grunnar for at ein skal gå utover dei 10 virkedagane.

Treng me bruka kyrkja og ha ei kristen gravferd?

Nei, det treng ein ikkje. Gravferd kan haldast frå andre lokale enn kyrkje, og einkvar står fritt til å velja den form for gravferd ein vil ha. Det er likevel slik at Kvam kyrkjelege fellelsråd forvaltar og har driftsansvar for alle gravplassane i Kvam kommune. Når nokon døyr og ein ønskjer gravferd i Kvam, kan pårørande sjølv ta kontakt med kyrkjekontoret i Kvam på for å avtale tidpunkt for gravferd.



Dersom ein ikkje ynskjer å avtale dette sjølv, kan ein be gravferdsbyrået om å avtale gravferd etter dykkar ynskje. Gravferdslova er lik for alle, uansett trussamfunn og livssyn.

Kan me bruka kyrkja utan å ha ei kristen gravferd?

Nei, her har biskopane sett ei grense. Dersom ein ynskjer nytta kyrkja som gravferdslokale, pliktar ein å retta seg etter dei ordningar som gjeld for ei kristen gravferd.



Kan me sjølv velja kva prest me vil ha i gravferda?

Nei, vanlegvis er me bundne til arbeidsplanar for prestane. I enkelte høve kan det derimot opnast for andre løysingar.

Rett til fri (kostnadsfri) grav

Alle som er folkeregistrert i Kvam, har rett på fri grav i Kvam herad. Du kan sjølv velja kva kyrkjegard som skal nyttast. På kyrkjegarden kan ein gravleggjast på tre måtar:

• Kistegrav

Dette er framleis den vanlegaste måten å bli jordfesta på her hos oss. Om lag 80% av alle gravferder i Kvam er kistegravferder.

• Urnegrav

Ein kan velja kremasjon, og at urna vert sett i ei grav. Dette kan vera ei eksisterande kistegrav, ei ny urnegrav på urnefelt, eller i ei eksisterande urnegrav.

• Minnelund

Her vert urnene sett tett i tett nær minnelunden, og namnet på den døde vert sett på ein felles vegg. Førebels gjeld dette berre i Øystese – men andre minnelundar er undervegs.

Felles for alle måtar å bli gravlagt på, er at sjølv handlinga på kyrkjegarden er kostnadsfri/fri. Grava vert freda når kista eller urna er komen i jorda, og ingen skal måtta betala noko i fredningstida. Når fredningstida er omme, kan grava festast, dvs betalast for, dersom ein ynskjer å behalda gravstaden. Ein festar oftast for 5 eller 10 år fram om gongen, og Kvam herad fastset nye festeavgifter årleg.

Kan me bruka gamle graver oppatt?

Ja, dette er faktisk det aller vanlegaste hos oss. Graver kan nyttast opp att når dei er 25 år gamle. Veldig mange bruker opp att graver til foreldre, besteforeldre, oldeforeldre – Kvam er ei bygd med solide slekts-tradisjonar, og gjenbruk av gamle graver er eit uttrykk for nettopp dette.

Kan eg koma heim og bli gravlagt i Kvam, sjølv om eg har budd utanfor Kvam i livet?

Ja, det kan du. Me har god kapasitet på kyrkjegardane, og kan ta imot. Imidlertid inntre det då ei endring: du har ikkje rett på fri grav i Kvam, men må betala for sjølv gravinga – og evt. for seremonien, om den skal foregå her. Slik er reglane.



Når kan me setja gravstein på grava?

Dersom det har vore ei kistegravferd, har me ei karantene-tid på 6 månader før me kan setja opp gravstein. På urnegraver kan stein setjast opp når som helst etter gravlegging. Alle gravsteinar må sikrast mot velting med rustfrie boltar – dette vert gjort av den som monterer steinen, som oftast er det leverandøren som syter for dette.



Kva vil det seia å festa ei grav?

Når ein festar ei grav, betyr det at ein leiger det jordstykket som grava legg beslag på fram i tid. Ein festar gjerne for 5 eller 10 år om gongen, og må betala den festeavgift som Kvam herad fastset. For Kvam er festeavgifta for tida på kr 440,- pr. år pr. grav.

Kva ansvar har ein gravfestar?

Festar er juridisk ansvarleg for grava og gravsteinen. Det vil seia at han eller ho er gjeven mandat til å rå over grava. Dersom ei grav skal nyttast opp att, lyt kyrkjevevjen venda seg til den som er festar for å høyra om dette er avklart.

Festar er også ansvarleg for gravsteinen, og sikring av denne. Av og til har tidlegare sikringsboltar rusta vekk – då lyt me vera strenge og gje beskjed om at gravsteinen må sikrast skikkeleg på nytt. Det har førekome andre stader i landet at gravsteinar har velta over små born som har leika – det må me for alt i verda unngå. Difor er det strenge tryggleiksreglar knytt til gravsteinane våre.

Men viktigast av alt: me på kyrkjekontoret er gjeve stort ansvar å vera gravferdsforvaltning i kommunen vår. Me skal møta alle menneske med same respekt, uansett tru og livssyn. Det er vår von at me kan vera ein medspelar og medhjelpar i sorgens time – også med dei praktiske ting. Ta kontakt med oss!

«EG SKULLE HATT EIT LIV TIL!»

Om Frøydis Nordbustad og I.L.C.T. i Tanzania.

Bokstavane er ei forkorting av «Iraqw Language and Culture Trust». Det er ei stifting som vil ta vare på Iraqw-språket - og kulturen i Iraqw-stamma i Tanzania. Samstundes er dette eit stort misjonsprosjekt.

Det er Frøydis Nordbustad sitt språklege pionerarbeid i denne stamma i Tanzania, som vert halde oppe gjennom I.L.C.T.

«Kan du tenkja deg korleis det er å bu og arbeida mellom folk som du ikkje forstår eit einaste ord av?» seier Frøydis, for det var opplevinga hennar i starten. Frøydis Nordbustad frå Tysnes, reiste ut som misjonær av Norsk Luthersk Misjonssamband i 1958, med lærarutdanning i botnen. Ho skulle ut i Iraqw-stamma for å undervisa folk i den kristne trua. Frøydis var nesten redd for å reisa ut, for dette med språk meinte ho ikkje låg for henne.

EIT SPRÅKEVENTYR

I staden vart det språk som vart hovudoppgåva hennar. Fort såg ho at ingen ting skriftleg fanst mellom folk. Det offisielle språket i heile Tanzania var swahili. Heile denne stamma var i miskreditt, fordi så få kunne lesa og skriva. Dei vart ikkje rekna med i resten av landet, dei var mindreverdige. Dei var påtvinga å læra swahili i skulen.

Ho laga eit skriftspråk, svært profesjonelt, og med lydlære, ordlister og grammatikk og mykje meir. Ho samla fortellingar på folkemunne, eventyr, gåter, og meir i kulturen deira. Heile 200 titlar er å finna på Iraqw-språket. Eit formidabelt arbeid ligg bak. I 1978 starta Frøydis ein skule for analfabetar i Goosamwaán.



Frøydis får ei høne som gåve i 1978, merk veggen på skulen bak, laga med kumæk.

Kort fortalt oversette Frøydis, gjennom mange tiår, heile Bibelen til Iraqw-språket. Det vart mykje slit og tårer, nattevaking, bønner og spørsmål om dette ville lukkast, men i 2004 fekk Iraqw-folket sin eigen Bibel. Dette arbeidet er gjort så profesjonelt at Frøydis vart tilbode eit professorat i språk i Canada. Men hjarta hennar var og blei hjå Iraqw-folket. Det Norske Bibelselskap og Lærerinnes Misjonsforbund (L.M.F) harsærleg gjeve økonomisk stønad undervegs.

STOR FEST

Då Bibelen på Iraqw var klar i 2004, kom over 6000 menneske. Statsministeren og andre frå statsadministrasjonen kom i helikopter. Bunadskledde vener frå Sogn og Tysnes skapte feststemning. Frøydis sitt store arbeid for Iraqw-folket vekte oppsikt i landet. Undervisningsdepartementet hadde sett at Frøydis sine metodar for lese- og skriveopplæring førte fram.» Vi vil ta i bruk «Frøydismetoden»! sa fleire av dei styrande. Og slik er det blitt!

GUDS LEIING

Frøydis har hatt eit kall frå Gud. Og ho er forundra over korleis Han har vist henne veg, steg for steg. Hjelpesmenn har ho fått heile vegen, til ho no er 91 år. I Tanzania er ho «Mor Frøydis».



Særleg har Nora Klungseth frå Øvre Årdal vore henne til stor hjelp, men ho døydd i 2024. Frøydis bur i dag på Vik sjukeheim i Sogn.

Ved at fleire og fleire analfabetar har fått gå på lesekurs, lærer eit aukande tal av dei innfødde å lesa morsmålet sitt. Kvar av desse får også sin eigen bibel når dei kan lesa. Denne leseopplæringa er det vi i I.L.C.T. støttar. 18-20 grupper er i gang

heile tida, med 9 månaders lesekurs. Nokre av elevane vert fort så flinke at dei kan fungera som lærarar. Nokre har og fått høge stillingar i styre og stell. Behovet for fleire lesegrupper er stort, motivasjonen for å læra er stor i alle aldrar. Frøydis har gjort eit uvurderleg stort arbeid for å gje dette folket den statusen dei no har. Dei er blitt løfta opp, og dei vert rekna med!

60 ÅRSTENESTE

60 års teneste i Iraqw-folket er slutt. Frøydis sa for få år sidan at ho skulle hatt eit liv til. «Det er så mykje ugjort». August 2005 vart det helde ein seremoni i Årdal kyrkje. Der fekk Frøydis Nordbustad tildelt St.Olavsmedaljen, av dåverande fylkesmann i Sogn og Fjordane, Olav Flæte, for arbeidet ho har gjort blant Iraqw folket i Tanzania.



På Tysnes har også engasjementet for arbeidet hennar i Tanzania vore stort, og både ordførar og rådmann har reist ut og sett og har følgt med. Tysnesbladet laga mange reportasjar. Mykje er gjort i heimkommunen for å gje støtte til ulike lokale tiltak, som til dømes lærarskule og barnehage. Hjelp til sjølvhjelp er også kome i stand, ved at menneska lærer grønsakdyrking.

Det vart skipa ei støttegruppe for arbeidet blant Iraqw-folket i 1992, på Skeie, hos Ingmar Lid, som er syskenbarnet til Frøydis. Pr. no er vi 6 medlemar lokalt, og tek gjerne imot fleire.

(Åslaug Vevle, medl. i I.L.C.T, Norheimsund)

Minnelund i Øystese – no er bygginga i gang

«Fine massar her, gut!» Byggeansvarleg Gunnar Kvandal er nøygd. Åtte-tonnaren med lærling bak spakane fjernar forsiktig matjord og det øvste gruslaget på kyrkjegarden i Øystese. Her skal minnelunden stå.

Minnelundar veks fram over heile landet. Mange er forseggjorde og påkosta, andre enkle og rimelege. Felles for dei alle er at dei representerer ein ny måte å verta minna på. Den gamle gravsteinen vert erstatta av ei minneplate montert på ein felles vegg. Urna med aska vert sett i jorda like ved, tett i tett skal urnene stå bak den nye minnelunden.

Fordelen med minnelundar synest openberr: det forenkler stell og tilsyn med grav til eit minimum. Minneplate med det inngraverte namnet heng der og treng verken stell eller tilsyn. Derom ein vil besøkja gravstaden og setja frå seg ein blom, finst det eit fellesstativ for dette føremålet. Staden der urna er sett ned, skal ikkje vera ein stad for å setja frå seg noko – her skal det berre vera plen. Og så vert det langt rimelegare enn med ein tradisjonell gravstein. Eingongs-kostnaden med namneplate og inngravering vert betydeleg mindre enn med ein tradisjonell gravstein.

For øvrig gjeld same reglar for festing av grav som på resten av kyrkjegarden: grava der urna står, er freda dei første 20 åra, og skal ikkje betalast for i den perioden. Derneft må ein betala vanleg festeavgift, om ein ynskjer å forlenga tida.



Leif Ove Aksnes og Johan Byrkjeland er i full gang med minnelunda.

Namneplate kan hengja så lenge grava er festa og betalt for, fram til den er 60 år.

Minnelunden i Øystese kjem på ein god million, og skal stå ferdig i oktober i år. Det er entreprenør Johan Skeie AS som har hovudentreprise, og anleggsgartnar Wikholm frå Bergen skal stå for det meste av dei vakre detaljane.

180 minneplater er det funne plass til på vegg – kor lenge held det, tru? Den tradisjonelle kistegravferda vil nok halda stand lenge enno, men kremasjonsprosenten stig stadig.



Omlag slik kjem minnelunda til å sjå ut.

Munter soge

Ei tilårskomen bondekjerring frå Hardanger, reiste til bydn med dampen. Ho tykte det var interessant å sjå seg om i sentrum. Brått kom ho til eit lyskryss, og venta på at det skulle bli råd å gå over. Med stav i handa og sein gang, vart det ikkje så lett. Ein godt kjend stortingsmann ser henne, og tilbyr seg å hjelpa

henne over gata. Vel over, takkar kona for hjelpa. Stortingsmannen smiler, og seier venleg til henne: «Kanskje De vil stemme på meg ved høstens stortingsvalg?» Ho ser på mannen og svarar: «Det er beina mine det er noko gale med - hovudet mitt er heilt i orden!»

Arne O. Øystese



Kvifor går vi ikkje fort fram?

I ei verd som stadig bevegar seg raskare, kan det verka frustrerende at endring tek tid. I HimalPartner veit vi at det som verkeleg varer, teK tid å byggja. Vi trur ikkje på raske løysingar – vi trur på varige endringar.

I Noreg er vi forma av ein samfunnsmodell der fellesskapet tek ansvar for individet. Vi har bygt ein velferdsstat som søker å sikra rettferd og like moglegheiter for alle. Vi er vant til å tenkja systemisk: Når noko ikkje fungerer, ser vi etter strukturelle løysingar – ikkje berre individuelle tiltak.

Denne tankegangen har også prega norsk bistandsarbeid. Vi har hatt ei sterk tru på at utvikling skjer gjennom systembygging: utdanning, helsevesen, rettsstat, infrastruktur. Og det er mykje godt i dette. Men det har også ført til at bistand ofte har blitt styrt frå toppen – med norske mål, metoder og rapporteringskrav. Lokalisering – ei nødvendig, men ikkje enkel løysing.

I dag ser vi ei dreining mot lokalt leia utvikling. Tankesmia Langsikt har kritisert at for mykje av bistanden framleis vert styrt frå Noreg, og at lokale aktørar får for lite ansvar og ressursar. Dei etterlyser ein meir direkte støtte til grasrota. Digni, som HimalPartner er ein del av, har svart med ei viktig nyansering: Det er ikkje nok å flytta pengar. Lokalt leia utvikling handlar om meir enn økonomi – det handlar om relasjonar, tillit og langsiktig perspektiv. Det handlar om å byggja kapasitet og strukturar som varer, og det tek tid!

Kva skjer når vi berre hjelper nokon få?

Om vi kun støttar enkeltpersoner eller små grupper, utan å adressera dei strukturelle utfordringane i samfunnet, risikerer vi å skapa løysingar som ikkje er berekraftige. Det kan til og med forsterke ulikskap. Godt utviklingsarbeid må balansera

det nære og det strukturelle – og det krev både tålmod og lokal forankring.

Eit historisk eksempel: Vasskraft

Då ingeniøren og misjonæren Odd Hoftun kom til Nepal på 1950-tallet, kom han for å vera til stades, læra språket, forstå kulturen – og byggja noko saman med lokalbefolkninga. Resultatet vart ikkje berre vasskraftverk og tekniske skular, men ein heil generasjon nepalske ingeniørar og fagarbeidarar som kunne stå på eigne bein. Dette er lokalt leia utvikling i praksis – men det tok fleire tiår å byggja.



Andikhola kraftverk. Foto: Audun Nedrelid

Eit nyare eksempel: Psykisk helse

I Nepal samarbeider HimalPartner med lokale organisasjonar for å styrkja psykisk helse. Dette er eit område som lenge har vore tabubelagt, og der det ikkje finst raske løysingar.

Gjennom langsiktig samarbeid har vi bidrege til å byggja opp lokal kompetanse, utvikla helsetenester og skapa trygge rom for samtale og læking. Dette arbeidet skjer på nepalske premisser, med nepalske fagfolk i førarsetet. Det er sakte, men det er ekte. Difor går vi ikkje fort fram!

Fordi vi veit at raske løysingar ofte er overflatiske. Fordi vi veit at ekte partnerskap ikkje handlar om å overføra pengar, men om å dela liv, ansvar og visjon. Vi går sakte fordi vi går saman. Og vi går sakte fordi vi trur at det som verkeleg betyr noko, tek tid.

Tålmod som strategi

Tålmod er ikke passivitet. Det er ein strategi. Det er å velja å vera til stades, å vera trufast, og å stola på at Gud verkar – også når vi ikkje ser hele biletet. Det er å investera i menneske, ikkje berre i mål.

Så neste gong du lurar på kvifor vi ikkje går fortare fram, hugs dette: Vi går sakte fordi vi går djupt. Vi går sakte fordi vi byggjer noko som skal vara – saman med dei det gjeld.



GUDSTENESTER I SOKNA

21. september

Ålvik kyrkje kl. 11.00

Norheimsund kyrkje kl. 17.00

28. september

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Dialektfestival

Øystese kyrkje kl. 17.00

5. oktober

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

12. oktober

Øystese kyrkje kl. 11.00

19. oktober

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Strandebarm kyrkje kl. 17.00

26. oktober

Øystese kyrkje kl. 11.00

2. november

Vikøy kyrkje kl. 11.00

Minnegudsteneste

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Minnegudsteneste

Øystese kyrkje kl. 17.00

Minnegudsteneste

Ålvik kyrkje kl. 17.00

Minnegudsteneste

9. november

Norheimsund kyrkje kl. 16.00

Gudsteneste for alle

16. november

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Ålvik kyrkje kl. 11.00

23. november

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Øystese kyrkje kl. 17.00

30. november

Norheimsund kyrkje kl. 16.00

Lysmesse

Ålvik kyrkje kl. 17.00

Lysmesse

7. desember

Øystese kyrkje kl. 18.00

Lysmesse

14. desember

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Adventsgudsteneste

Strandebarm kyrkje kl. 17.00

Lysmesse

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF eller nettsida <https://www.kyrkja.no/kvam!>

Vikøy kyrkje - i hjarta til folket

«Det er ikkje mannbert.» Hellespesialist Sandven er ikkje nådig, der han ser at hellene utanfor kyrkja er lause. Om ikkje kyrkjevevjen har tenkt å gjera noko med det?

Og kyrkjevevjen gjer som kyrkjevevjer alltid har gjort: vender seg til folk med handlag og hjarta. Evigunge Ottar Byrkjeland og litt yngre Eva Kolstad tok utfordringa på strak arm. No er hellene støypte ned att, og fuga vakkert til. Frosten er skurken her: dei frys opp att med jamne mellomrom. Men til så lenge har me gjeve kyrkjetrappa eit løft, - ikkje berre visuelt, men også fjerna den snublefaren som låg i lause heller. Som alltid: hjartans takk for innsats!



Eva Kolstad i arbeid med kyrkjetrappa

Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.



22 40 00 40
soschat.no

KIRKENS
SOS

*Hardanger og
Kvinnherad*
GRAVFERDSBYRÅ

«Livets vanskelegaste augeblikk er me her for deg»

Døgnope vakttelefon 56 55 82 90

Blomebestilling 56 55 10 55

COOP PRIX
STRANDEBARM

Tangeråshagen 5
56 55 94 10

Åpningstider: 07 - 22 (08-21)

COOP PRIX
NORHEIMSUND

Grova 16
56 55 37 60

Åpningstider: 08 - 22 (08-21)

FRÅ KYRKJEBØKENE



Gravferd

Ålvik sokn

Asbjørn Rykkje (f. 1938)
Kristi Jordal (f. 1929)

Øystese sokn

Alfred Ingvar Halstensen (f. 1949)
Sigmund Herland (f. 1949)
Liv Aalvik (f. 1930)
Astrid Alvide Torpe (f. 1945)
Terje Rykken (f. 1942)
Lars N. Lofthus (f. 1924)

Vikøy sokn

Eva Kolstad Abood (f. 2025)
Ingrid Hillestad (f. 1985)
Ingebjørg Hoff Kaldestad (f. 1959)
Madli Anna Natland (f. 1934)
Sigrid Fosso (f. 1951)
Arild Kristensen (f. 1971)

Strandebarm sokn

Oddbjørg Gunvor L. Hamre (f. 1941)
Aud Fosse (f. 1971)
Eli Berge (f. 1937)



Dåp

Øystese sokn

Elisa Peterson Andrianaivo
Olav Nygård
Hedvig Bjørke
Ana Luiza De Jesus Silva
Tallak Nascimento Sjo
Johannes Linga
Max Langeland-Heggland
Olli Langeland-Heggland
Noah Guidos Kvamme
Johannes Dalatun Samdal
Kasper Langesæter
Elvira Vik Sekse
Lars Håkon Valsvik Havrevoll

Vikøy sokn

Ragnhild Eide Haugstad
Ada Birkeland Austevoll
Torstein Lisland Smievoll
Magnus Dalatun Navarsete
Nora Tveit Rykkje
Olivia Berge Brunborg
Martin Lothe Rykkje
Eline Blindheim
Marie Tveit Rykkje



Vigde

Øystese sokn

Sigrid Haugen og Brikt S. Kaldestad
Agnete Lie Øyri og Jon Erlend Haukås
Kamilla Lyssand og Olav A. Østervold
Guro Koltveit og Ole Gunnar Sekse
Ida H. Søviknes og Stian Dørum Lie
Silje Leikvoll og Ingve Kjosås

Vikøy sokn

Tora Sandven og Martin Ravn
Hanne Sofie Moldsvor og Jonas Evenstad
Andrea Aarekol og Joakim Hansen
Elisabeth Strømme og Dan Nilsen

Strandebarm sokn

Caroline S.V. Lilleaas og John A. Breistig
Sofie Ljones og Jonas H. Sunnfjord

Ålvik sokn

Hanne Fossvik og Markus Dahl Østborg



EXTRA

Gjør det billig!

EXTRA ØYSTESE

Sjusetevegen 5
56 55 03 60

Åpningstider: 07-23 (08-21)



Din lokale faghandel

**COOP BYGGMIX
ØYSTESE**

Sjusetevegen 5
56 30 85 72

Åpningstider: 08-18 (09-16)

Din lokale bilforhandler

Tlf 56550455



Toyota Norheimsund AS

GRAVSTEINAR

• OPPRETNING • VASKING • OPPUSSING
• SAL AV GRAYMINNE • NAMNETILFØRING



AGENTUR FOR EIKNER NATURSTEIN
ÅLVIK, ØYSTESE, VIKØY
OG TØRVIKBYGD



www.eikner.no

TILBOD OG SYNFARING:

Arvid Strømme tlf. 995 97 848

• kunststell@gmail.com •



Gravminner

- spør våre lokale samarbeidspartnere

Strandebarm og Mundheim:

L.M. Leiv Magnar Fosse

Fosse tlf. 406 11 817 • leivmagnarfosse@gmail.com

Ålvik, Øystese, Vikøy og Tørvikbygd:

Arvid Strømme og Hildegunn Strømme

tlf. 995 97 848 • kunststell@gmail.com



**EIKNER
NATURSTEIN**

www.eikner.no

Eikner Naturstein AS
Ulsmågveien 27
5224 NESTTUN
Tlf. 55 98 70 00
firmapost@eikner.no

- Din lokale VVS-leverandør

Våre fagfelt:

- Sanitæranlegg
- Varmeanlegg
- Blikkenslagerarbeid
- Luftbehandlingsanlegg
- Automasjon/SD-anlegg
- Rehabilitering
- Nybygg hus/hytter
- Service

Foto: Hummalvatn Media

Tlf. 56 55 36 00 - www.tecno.no - E-post: post@tecno.no

**TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT
CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FØR, SINGEL OG SAND**

JAN MO A.S

Øystese | 56 55 59 22 | janmo.no

Monτέρ®

Kvam

info@monterkvam.no TLF 56904089

GULES

Gule's Landbruk har eit breitt sortiment av reiskap for jordbrukar, entreprenørar og kommunar.

Firmapost@gules.no

Hardangerfjordvegen 569, 5610 Øystese. Tlf 56 55 53 19

Øystese ⚡ Elektriske AS

DIN LOKALE ELEKTRIKAR

- brei erfaring innan bustad, industri og landbruk

Installasjon og service av:

- Sterk- og svakstrøm
- ENØK og smarthusløyser
- Tele og datanettverk
- Varmepumper

Tlf: 56 55 04 40 · www.oelas.no

JOHAN SKEIE AS

GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745

c)optikk® Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50

HB HARDANGER BYGGSENTER

www.hardangerbyggsenter.no

BYGGtorget MESTERHUS
- det blir som avtalt

Kvam KRAFTVERK

Til deg! For deg!

SparebankenVest
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555

Nytt orgel i Strandebarm – eit felles lyft



Paralellt med restaureringa av Strandebarm kyrkje utvendt, har ein komite sysla med å få på plass finansiering av ei sårt tiltrengt orgelvøle. Det staselege orgelet på galleriet vantar både eitt og hitt i klangverda nett no, og kløktige organistar gjer sitt beste for å skjula manglane i kvardagen. Kling myntane i innsamlingsbøssa, Oddvar Brakestad?

Nja, det kunne med fordel strøymt på meir, fortel innsamlingsleiaren på telefon i bilen. - Det har runne ein frisk vårbekk – men det kunne unekteleg vore meir fart i straumen, for snart må me signera kontrakta for å koma i mål til rett tid.

- Og kva er rett tid?

- Du spør som du har vit til. Det er jo kyrkjejubileum neste år, mann - kyrkja vår er 150 år, her er det ingen tid å missa.

- Og kor mykje manglar de for å koma i hamn?

- Me syslar med fleire idear, der både offentlege instansar, frivillige organisasjonar og enkeltmenneske er like velkomne. Me har ei von om at aktørar med finansielle musklar kan gje oss ei solid handsrekkjving. I skrivande stund har me samla inn kr 600 000 av dei 1,1 mill som trengst. Her er det berre tida og vegen.

- Så då tek de stadig imot bidrag frå – eg hadde nær sagt Gud og kvarmann?

- Nett slik er det. Og her kan ein ikkje lita på vårherre åleine, det er kvar mann som må yta sitt.

- Og kvifor skal strandbermene kjenna si besøkjingsstid og gje dette lyftet? Er ikkje dette eit offentleg ansvar?

(Ei ilter tuting fortel at Oddvar har føreteke ei forbikøyring :-)

- Jauvisst er dette ei offentlig oppgåve, - men det er ikkje alltid slik det fungerer. Av og til må me inn og hjelpe det offentlege. Og her snakkar me altså om sjølve dronninga av instrument, orgelet i den nyrestaurerte katedralen vår.

Men optimismen i nemnda er stor – dette skal me klara!

Og så forsvann både bilen og Oddvaren inn i ein tunnel, og borte var han.

Men oppmodinga er klar: Dette lyftet klarar me i lag! Konto som kan nyttast: 3633.56.27673 - eller Vipps til 541 989



I kyrkjelydshuset i Strandebarm kan det dekkast til opptil 90 stk.

Treng du eit lokale?

Dåp, minnestund, møter, åremålsdagar og kurs – kyrkja i Kvam har lokale med plass til mange til leige, både i Norheimsund og Strandebarm.

Det går ein jamn straum av menneske inn og ut dørene i kyrkjelydsalane i Norheimsund og Strandebarm. Det er knapt ei veke utan at salane er utleigde til ei eller anna samling. Minnestunder etter gravferder er det kanskje flest av, men også kurs og møter av ulikt slag finn sin plass i våre ljose og trivelege lokale.

Ta kontakt med kyrkjekontoret på: post.kvam@kyrkja.no eller telefon 41 40 00 35.



I Norheimsund har me hatt opptil 125 stk. på kurs